

23.05.2015

Bedriftsbesøk kan vere så mangt,- også til ei nedlagt bedrift, men som sysselsette meir enn 20 mann i åra frå 1912 og utover i mellomkrigsåra.

Vil du lese om Heinrich Schmidt, bestefar til Henrik Schmidt som orienterte og viste oss rundt, kan du klikke på linken.



Kalkommen var bygd i 1912.



Minst så mange som du kan telje her var sysselsette i bedrifta til Heinrich Schmidt. Vi ser Henrik, barnebarn til Heinrich, som orienterer medlemmene i Sykkylven Rotary Klubb.



Jaktevika var namnet der kaia låg og hus vart reiste. Frå gammalt har her vore tilflot for *jakter*, som visstnok ikkje var slett det same som jekter.





Målarstykke av F. Walter. Det syner bustadhus, fabrikk og kaia, der større skip kunne legge til.



Bustadhuset der Henrik Schmidt bur i dag. "Schmidt-huset" er bygd i den særlige stilen som Heinrich brukte, men han bygde også andre typer hus. Til og med ei lita kyrkje på Vigra.



Detalj frå huset. Merk at den raude fargen er eit tynt lag utanpå sementsteinen. Sjå biletet under.







Sementsteinfabrikken i Jaktevika. Merk taksteinen, tilsynelatende like god i dag som for 80 år sidan.






Henrik Schmidt viser fram litt av det gamle, originale verktøyet som vart brukt til å produsere murstein og takstein.





Dagens "kai" kan nok ikkje ta mot så store båtar som for 80 år sidan!



Dette bladet utgitt på Kongsberg i 1996 omhandler også disse anlegga på Vik i Sykkylven.  
ISBN 82-91337-09-8 og ISSN 0800-1855

Stor takk til Henrik Schmidt for interessant lokalhistorie frå ei tid som neppe kjem att!

Referat skrive av Odd H. finn du her.

Tekst og bilete: OP

Kopiert av Olav p, mai 2015